



Til Trafikktryggingsutvalet i Vestland

Dato: 21. oktober 2020

Framlegg om å utgreia avvikling av Utrykkingspolitiet

Det rører seg nok ein gong når det kjem til reformar i politiet, og UP si stilling er igjen tema. Som tidlegare er Trygg Trafikk svært skeptiske til nedlegging eller omleggingar i politiet som reduserer eller fjernar UP som dedikert ressurs. Rett og slett fordi alt tyder på at ei slik omlegging av politiet sitt trafikksikringsarbeid vil føra til færre kontrollar og dermed auka risiko på vegane våre. Dette finst det solid dokumentasjon på i form av forsking frå Transportøkonomisk institutt (TØI). Det er rett og slett feil resept på ein godt kjent diagnose!

I 2017 føreslo eit offentleg utval (Særorganutvalet) å avvikla Utrykkingspolitiet(UP)¹. Motstanden i høyringsrunden var omfattande, og regjeringa la framlegget i skuffa. I 2019 føreslo politidirektøren saman med politimeisteren i Troms og Finnmark, å leggja ned UP i distriktet i dette fylket som ei prøveordninga. Dette framlegget vart skrinlagd etter mykje motstand.

No har regjeringa på ny tatt saka fram att. I politimeldinga² som ligg til handsaming i Justiskomiteen, vert det varsla at Politidirektoratet vil få oppdrag i 2020, i samarbeid med Statens vegvesen, å gjennomføra ei slik vurdering. Når ei slik vurdering er gjort, vil regjeringa ta stilling til saka.

Trygg Trafikk er særskilt uroa for korleis trafikktryggleiken og nullvisjonen vert teke i vare i denne prosessen, og oppmodar til diskusjon og engasjement i saka. Me ynskjer å senda dette skrivet til FTU som eit orienteringsskriv. Trygg Trafikk vil koma nærmere tilbake til utvalet med framlegg til høyringsinnspel på eit seinare tidspunkt.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-11/id2553617/>

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-29-20192020/id2715224/>

Grunngjeving i politimeldinga

Framlegget har følgjande grunngjeving:

«Utrykningspolitiet (UP) har bidratt til helhetlig oppmerksomhet om arbeidet med trafikksikkerhet. Med større politidistrikter har imidlertid distriktene fått bedre forutsetninger for å ivareta denne delen av politiarbeidet. Det vil også kunne være en fordel å se innsatsen på trafikkområdet mer i sammenheng med øvrige deler av politiarbeidet. I tråd med anbefalinger i PolitianalySEN (NOU 2013: 9) og Særorganutredningen (NOU 2017: 11) skal det vurderes om UPs oppgaver og ressurser bør legges til politidistrikturen. Politidirektoratet vil få i oppdrag i 2020, i samarbeid med Statens vegvesen, å gjennomføre en slik vurdering. Ved utredningen skal det blant annet ses hen til erfaringer fra Sverige, og på mulighetene for en bedre samordning mellom politiets og Statens vegvesens innsats».

Difor må me ta vare på UP:

1. Ei avvikling av UP vil ikkje løysa kapasitetsproblema i politidistrikta. Dei i underkant av 300 UP-stillingane på landsbasis inngår allereie i dag i politidistrikta sine uniformerte styrkjer. Stillingane vart i si tid tilført politidistrikta og øyremerktrafikkteneste (UP-teneste). I tillegg utgjer UP-patruljane ein fleksibel og mobil bistandsressurs for politidistrikta ved ekstraordinære hendingar. Ei avvikling av UP vil dermed i praksis berre føra til 17 nye politistillingar til politidistrikta.
2. Derimot vil ei avvikling av UP ha ei svært negativ effekt på det samferdslepolitiske målet *nullvisjonen* og det nasjonale trafikksikringsarbeidet. Transportøkonomisk intittutt har fleire gonger dokumentert at politikontrollar har ei sterk førebyggande effekt på trafikkfarleg åtferd og at tiltaket er samfunnsøkonomisk lønsamt. Om UP vert avvikla, meiner me at etappemålet om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030 må reviderast. Saka har difor også stor relevans for arbeidet med Nasjonal transportplan 2022-2033.
3. Mykje tyder på at politidistrikta ikkje vil prioritera trafikksikringsarbeidet og oppretthalda dagens kontrollaktivitet. UP er spydspissen i politiet sitt trafikksikringsarbeid. Det viser seg att i at UP jobbar meir strategisk, målretta og kunnskapsbasert enn dei einskilde politidistrikta på dette området. Dessutan er UP garantisten for at politiet prioritærar arbeidet. All erfaring viser at tilbakeførte tenestemenn vil verta sett til andre prioriterte politioppgåver dersom ressursane vert overførte til politidistrikta.
4. UP jobbar kostnadseffektivt. Kontrollane er nøyne planlagde og kunnskapsbaserte, noko som gjer at UP ofte avdekkjer langt meir enn berre kriminalitet i trafikken, t.d.

vinningskriminalitet og narkotika. Desse høva vert handsama på staden og sendt raskt vidare i straffesakskjeda.

5. Store delar av befolkninga ynskjer politikontrollar langs vegane. Politiet sine innbyggjarundersøkingar viser at svært mange fryktar trafikkfarlege hendingar. Undersøkinga syner òg at tilliten til politiet si evne til å handtera slike hendingar er høg.
6. Erfaringar frå vårens og sommarens politikontrollar syner at urovekkjande mange førarar kører rusa eller for fort på vegane våre. Dette viser seg att i dødstala, som dessverre er høgare enn i fjor. Det er trong for politiet langs vegane, og utan UP vert resultatet mindre synleg politi i trafikken.
7. TØI framhevar ofte i rapportane sine at trafikantane sin subjektive oppdagingsrisiko (dvs. den einskilde trafikant si reelle frykt for å bli stansa i kontroll om ein bryt lovar og reglar i trafikken) er eitt viktig element i det totale trafikksikringsarbeidet. Dersom UP vert avvikla, vil det truleg gå kort tid før trafikantane oppdagar at politiet er fråverande på hovudvegnettet, med dei opplagte konsekvensar det kan føra med seg.
8. Erfaringar frå andre skandinaviske land som har avvikla sine tilsvarande, dedikerte UP-ressursar, er ikkje bra i eit trafikksikringsperspektiv. Både Sverige, Danmark og Finland rapportering om svekka trafikksikringsarbeid. I Sverige opplever ein at talet registrerte fartsovertredingar er meir enn halvert i høve til nivået for rundt 10 år sidan, grunna kraftig reduksjon i politiet sine manuelle fartskontrollar. Reduksjonen er særskilt etter 2015, då dei omorganiserte politiet.

Trygg Trafikk ber om å få koma tilbake til FTU på eit seinare tidspunkt med ei sak om temaet, der det òg blir drøfta eit eventuelt høyringsinnspele. Viser også til prosessar i samband med førra innspele om organisering av politiet, med særleg vekt på UP, der det vart gjeve høyringsinnspele både frå Sogn og Fjordane FTU og Hordaland FTU (PS 35/2017).

Med venleg helsing

Knut Olav R. Nestås

Regionleiar Vestland

Trygg Trafikk | Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli | Postboks 7900, 5020 Bergen

nestas@tryggtrafikk.no | Mobil: 412 06 132 | Org.nr.: 970 133 410